



Utval: Formannskap/økonomiutval
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Møtedato: 11.04.2019
Møtetid: 16:30 -

Fylgjande faste medlemmer var til stades:

Navn	Funksjon	Representerer
Hanne Norgaard	Medlem	AP
Halfdan Haugan	Ordførar	AP
Jon Svartdal	Varaordførar	H
Gunnar Eilefstjønn	Medlem	H
Henry Mæland	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Beate Marie Dahl Eide	MEDL	SP
Svein Forberg Liane	MEDL	V

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Marianne Vadder	Beate Marie Dahl Eide	SP
Lars Bjaadal	Svein Forberg Liane	SP

Til stades frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Frid Berge	Rådmann
Asbjørn Storrusten	Kultur- og næringssjef

Protokollunderskrifter:

Halfdan Haugan

Henry Mæland

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
-------------------	---------	-------

	Saker til handsaming	
PS 21/19	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
	Referatsaker	
RS 33/19	Betel Seljord - Søknad om tilskot	
RS 34/19	Positivt vedtak Betel Seljord om tilskot til historisk skrift	
RS 35/19	Positivt vedtak - Støtte ZuluLAN, Kviteseid	
	Saker til handsaming	
PS 22/19	Budsjett prosjekt Opplevingsvegen om Nutheim	
PS 23/19	Vidare Breiband- og fiberutbygging i Seljord kommune	
PS 24/19	Eigarskap i verksemder - oppfølging	

- Orientering frå Seljord bondelag v/ Turid Opsund

Saker til handsaming

PS 21/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 11.04.2019

Protokollen frå møtet 21. mars vart samrøystes godkjent.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 11.04.2019

Protokollen frå møtet 21. mars er godkjent.

Referatsaker

RS 33/19 Betel Seljord - Søknad om tilskot

RS 34/19 Positivt vedtak Betel Seljord om tilskot til historisk skrift

RS 35/19 Positivt vedtak - Støtte ZuluLAN, Kviteseid

Saker til handsaming

PS 22/19 Budsjett prosjekt Opplevingsvegen om Nutheim

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet å fatte følgande vedtak;
Formannskapet rår kommunestyret å fatte følgjande vedtak;
Seljord kommune har akseptert å vera økonomisk koordinator for prosjekt Opplevingsvegen om Nutheim. Kommunen vil utbetale for tiltaka i prosjektet inntil kr 24.000.000,- i åra 2019, 2020 og 2021 dette under føresetnad av at tiltaka er fullfinansiert og utlegga blir betalt av Statens vegvesen Tunellprosjektet, eller andre som har løyvd midlar til prosjektet/ tiltaket.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 11.04.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 11.04.2019

Formannskapet rår kommunestyret å fatte følgjande vedtak;
Seljord kommune har akseptert å vera økonomisk koordinator for prosjekt Opplevingsvegen om Nutheim. Kommunen vil utbetale for tiltaka i prosjektet inntil kr 24.000.000,- i åra 2019, 2020 og 2021 dette under føresetnad av at tiltaka er fullfinansiert og utlegga blir betalt av Statens vegvesen Tunellprosjektet, eller andre som har løyvd midlar til prosjektet/ tiltaket.

PS 23/19 Vidare Breiband- og fiberutbygging i Seljord kommune

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å fatte følgjande vedtak;

Formannskapet rår kommunestyre til å vedta;

- A. Seljord kommune oppmodar Vest-Telemark kraftlag/ Telefiber om snarast mogleg å tilby breiband/fiber på kommersiell basis til innbyggjarane i
 - 1) Nordbygdi (vest for Gullnesvegen- kommunegrense),
 - 2) Bjørgemoen/Trongkleiv/ Flatin,
 - 3) Mosasida frå Seljord til og med Sandsdalen.
 - 4) Husstandar nær utbygde område
- B. Seljord kommune søker NKOM i 2019 om støtte til å bygge breiband/ fiber til områda Vefall/Brekke og Seljordsheii/ Garvik/ Telnes for utbygging i 2020-2021.
- C. Seljord kommune vil vurdere, i samanheng med revidering av økonomiplanen 2020-2021, å sette av midlar for eigenandel (inntil kr 2.000.000,-) som kommunal del i denne søknaden.
- D. Administrasjonen må kartlegge dei områda som manglar/har usikker dekning av mobiltelefoni og breiband, og arbeide aktivt for å sikre dekning av desse områda.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 11.04.2019

Framlegg frå ordførar Halfdan Haugan (AP): Endring under punkt A – Føre opp Notodden Energi i tillegg til Vest-Telemark kraftlag og Telefiber.

Ordførars tillegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 11.04.2019

A. Seljord kommune oppmodar Vest-Telemark kraftlag/ Telefiber og Notodden Energi om snarast mogleg å tilbybreiband/fiber på kommersiell basis til innbyggjarane i

- 1) Nordbygdi (vest for Gullnesvegen- kommunegrense),
- 2) Bjørgemoen/Trongkleiv/ Flatin,
- 3) Mosasida frå Seljord til og med Sandsdalen.
- 4) Husstandar nær utbygde område

B. Seljord kommune søker NKOM i 2019 om støtte til å bygge breiband/ fiber til områda Vefall/Brekke og Seljordsheii/ Garvik/ Telnes for utbygging i 2020-2021.

C. Seljord kommune vil vurdere, i samanheng med revidering av økonomiplanen 2020-2021, å sette av midlar for eigenandel (inntil kr 2.000.000,-) som kommunal del i denne søknaden.

D. Administrasjonen må kartlegge dei områda som manglar/har usikker dekning av mobiltelefoni og breiband, og arbeide aktivt for å sikre dekning av desse områda. Samrøystes med endring i punkt A.

PS 24/19 Eigarskap i verksemdar - oppfølging

Deltaking i sjølveigde stiftingar, samvirke- og eigarlag er ikkje medtatt.

Administrasjonen foreslår at formannskapet;

- A. drøfter sitt engasjement over for generalforsamlingane/representantskap i ovannemnde verksemdar.**
- B. vel dei verksemdene som kommune ynskjer å få ein orientert frå i formannskap eller kommunestyre?**
- C. vel kommunens kandidatar til styrene for Vest-Telemark kraftlag AS og Telemark Teknologipark AS.**

Rådmannen meiner at denne saka er av politisk karakter og finn det difor ikkje naturleg å gje nokon innstilling.

Rådmannen si tilråding:

Ingen innstilling

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 11.04.2019

Rettingar i saka: Punkt s. retting Vest-Telemark PPT er ikkje eit AS, men eit IKS. SN eigeidom har ikkje styremedlem på val.

Framlegg til vedtak etter drøftingar i formannskapet:

A:

Det er eit ynskje å halde formannskapsmøte i forkant av generalforsamlingar referer til innkallingar og tema.

Oversikten over selskap må supplerast med vertskommunesamarbeid og stiftingar der kommunar har interesse og eller eigarskap.

B:

Det skal lagast ein plan over orienteringar som blir lagt fram når lista er komplettert med vertskommunesamarbeid og stiftingar.

C:

Punkt C blir utsatt til formannskapsmøte 23.mai.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 11.04.2019

A:

Det er eit ynskje å halde formannskapsmøte i forkant av generalforsamlingar referer til innkallingar og tema.

Oversikten over selskap må supplerast med vertskommunesamarbeid og stiftingar der kommunar har interesse og eller eigarskap.

B:

Det skal lagast ein plan over orienteringar som blir lagt fram når lista er komplettert med vertskommunesamarbeid og stiftingar .

C:

Punkt C blir utsatt til formannskapsmøte 23.mai.